



LUSTER KOMMUNE

Hafslo barne og ungdomsskule.
Hafslo barnehage.

Til alle føresette og tilsette i barnehagen og skulen.

Informasjon om trafikksituasjon.

I samband med utbygging av barnehage –og skule har vi fått ein ny trafikksituasjon i område. Anleggtrafikk framover vil også kunne gje nokre nye utfordringar med tanke på trafikktryggleik.

Parkering ved barnehagen.

Parkeringsplassen ved Hafslo barnehage skal kun nyttast av føresette, tilsette og besøkande til barnehagen, samt for levering og henting av elevar på SFO. Skulen har parkeringsplass ved «vidaregåande bygget»

Levering og henting.

Ved levering og henting er det fint om de nyttar ein av dei seks av-og påstigningsplassane langs barnehagen sitt gjerde.

Snuplassen skal nyttast til å snu etter å ha nytta av og påstigningsplassane og for varelevering til barnehage –og skule.

Det skal vere minst mogleg køyring ned til barnehage –og skuleområdet. Vi oppfordrar til at skulebarn går eller sykklar til skulen, evtnt. at dei går frå sentrum.

Kor skal vi gå?

Vi oppfordrar alle barn og vaksne til å gå på det merka gangfeltet, der det ikkje er tillete å køyre.


Vi har alle eit ansvar for trafikktryggleiken for egne og andre sine barn!

Minner også om bruk av refleks når det går mot mørkare tider.

Hafslo, 02.09.15


Kjell Ertesvåg

Hafslo barne og ungdomsskule


Solveig Løkkebø
styrar Hafslo barnehage